



Det er nødvendig med utvida hjortejakt på Skorpo, understrekar Ole Kristoffer Vågen. Han ynskjer felling av to hjortar på innsida av øya. (mot høgre på biletet)(Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er store hjorteskadar på beitet på Skorpo og Ole Kristoffer Vågen har no sendt søknad til viltnemnda om utvida jakt på Skorpo vald.

Som i fjor er det gjeve løyve til å fella fire hjortar på Skorpo kommande haust. Løyvet gjeld for Oscar Langballe sin eigedom (ytre delen av øya, tilsaman 1.825 dekar)

Vågen seier til uskedalen.no at det er ynskjeleg med løyve på felling av to dyr på den indre delen av øya (frå Skorpevågen og innover)

- Det finst ikkje beite der no på grunn av hjorten. Det er heilt snautt, opplyser Ole Kristoffer, som viser oss beiteskadane. Å gjerde inn beitet er nyttelaust, då hjorten hoppar over alle hinder.

Ole Kristoffer brukar de tre eigedommane Persneset (170 dekar), Vågen (130 dekar) og Fredheim (130 dekar).

Han haustar og beitar dei og skriv slik i søknaden:

- Eg er mykje plaga av hjort. Beitet mitt vert det ikkje mykje gras på lenger. Det er ei stamme med dyr på innsido i øyo og i tillegg kjem nattevandrarar. Her er hyttefolk som følger med. Dei såg åtte dyr som kom utanfrå om kvelden og gjekk heim om morgonen.

Jordbrukssjef Karin Thauland i kommunen har vore og sett på hjorteskadane, opplyser Ole Kristoffer. Han ventar no spent på kva viltnemnda kjem fram til. Avgjerda vil ha mykje å seia for gardsdrifta hans.

Av Ola Matti Mathisen



- Her har hjorten forsynt seg, seier Ole Kristoffer Vågen, her med den to år gamle sonen Nikolai (Foto: Ola Matti Mathisen)